

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Yrkesopplæringsnemnda</b>
<b>Møtestad:</b>	Stadsporten, 8. etasje, Wigandgården
<b>Dato:</b>	10.10.2017
<b>Tid:</b>	10:00

Det vert med dette kalla inn til møte i Yrkesopplæringsnemnda.

**Tid: Tysdag 10. oktober 2017**

**Stad: Wigandgården 8. etg. møterom: Stadsporten kl. 10.00**

Til dette møte har Anne Gine Hestetun meldt forfall. Vara Tor Andre Ljosland kan ikkje møte.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Yrkesopplæringsnemnda og varamedlem for lærlingerepresentanten.

Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på [www.hordaland.no/forfall](http://www.hordaland.no/forfall).



**Roger Pilskog**  
leiar

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 49/17	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 50/17	Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 29.08.2017	2017/623	
PS 51/17	Referatsaker (meldingar)		
RS 4/17	Disponering av investeringsmidlar til ny hovudmotor til opplæringsfartyet "Stø kurs" ved Austevoll vidaregåande skule	2017/15276	
PS 52/17	Høyring – Endringar i føresegner om fagprøvar, sveineprøvar, praksisbrevprøve og kompetanseprøve	2017/15590	
PS 53/17	Ymse		

**PS 49/17 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste**



Arkivnr: 2017/623-9  
Saksbehandlar: Ann-Magritt Juvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	50/17	10.10.2017

### Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 29.08.2017

#### Forslag til avgjerd

Møtebok frå Yrkesopplæringsnemnda sitt møte 29.08.2017 vart tatt til orientering.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Torbjørn Mjelstad  
fagopplæringsjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Utval:** Yrkesopplæringsnemnda  
**Møtestad:** Forskjønnelsen, 8. etasje, Wigandgården  
**Dato:** 29.08.2017  
**Tidspunkt:** 10:00 – 12:05

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Roger Pilskog	Nestleiar	LO-H
Atle Rasmussen	Medlem	LO-H
Roald Stenseide	Medlem	FRP
Birgitte Svanevik	Medlem	NHO-H
Rita Jordal	Medlem	LO-H

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Tom Knudsen	Leiar	NHO-H
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Sølvi Olrich Sørebo	Medlem	KS
Julie Dyrkolbotn Breistein	Medlem	

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

**Merknader**

Utvalsleiar Emil Gadolin møtte.

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Torbjørn Mjelstad	Fagopplæringsjef
Anne Sara Svendsen	Leiar
Sissel Øverdal	Regionleiar
Ragnhild Ravna Skjærvik	Leiar under PS 47/17 Samfunnskontrakt
Sunniva Schultze-Florey	Rådgjevar under PS 46/17
Hillevi Elizabeth Runshaug	Regionleiar under PS 43/17
Adeline Berntsen Landro	Spesialrådgjevar under PS 44/17 og 45/17
Gerd Kjersti Ytre-Arne	Spesialrådgjevar under PS 42/17
Marianne Lavik	som sekretær

## Sakliste

Utvalls-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 37/17	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 38/17	Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 31.05.2017	2017/623	
PS 39/17	Referatsaker (meldingar)		
RS 3/17	Idrettslinje knytt til yrkesfag	2017/2652	
PS 40/17	Oppdragsspesifikasjon – Pilotmodell for opplærings samarbeid skule næringsliv Bømlø	2016/4130	
PS 41/17	Handlingsplan for forebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme i Hordaland	2016/2578	
PS 42/17	Endringar i den yrkesfaglege tilbudsstrukturen	2017/4897	
PS 43/17	Samarbeidsprosjekt mellom vidaregåande skular og næringsliv Nordhordland	2014/10030	
PS 44/17	Samanslåing av Hordaland helsefagsskule og Fagskolen i Hordaland	2015/11453	
PS 45/17	Høyringsuttale - forslag til ny lov om fagskoleutdanning og endringar i studentsamskipnadslova	2017/13507	
PS 46/17	Høyring - Innføring av forbod mot plagg som heilt eller delvis dekkjer andletet i barnehagar, skular mm.	2017/6158	
PS 47/17	Ymse		
PS 48/17	Vedtak av Regional plan for kompetanse og arbeidskraft	2014/17126	

### **PS 37/17 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

#### **Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 29.08.2017**

##### **Vedtak**

Møteinnkallinga og sakliste vart godkjend utan merknader

### **PS 38/17 Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 31.05.2017**

#### **Forslag til avgjerd**

Møtebok frå Yrkesopplæringsnemnda sitt møte 31.05.2017 vart tatt til orientering.

#### **Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 29.08.2017**

##### **Vedtak**

Møtebok frå Yrkesopplæringsnemnda sitt møte 31.5.2017 vart godkjend utan merknader.

### **PS 39/17 Referatsaker (meldingar)**

#### **Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 29.08.2017**

##### **Vedtak**

Referatsak 3/17 vart tatt til orientering.

### **RS 3/17 Idrettslinje knytt til yrkesfag**

## **PS 40/17 Oppdragsspesifikasjon – Pilotmodell for opplærings samarbeid skule næringsliv Bømlo**

### **Forslag til innstilling**

Fylkestinget tek oppdragsspesifikasjon til etterretning og legg denne til grunn for det vidare arbeidet med å utvikle ein pilotmodell.

### **Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 29.08.2017**

**Roger Pilskog og Atle Rasmussen (LO)** sette fram tilleggs forslag:

«Y-nemnda tilrår at det oppnevnes arbeidstaker representasjon fra næringslivet i styringsgruppen.»

### **Røysting**

Roger Pilskog og Atle Rasmussen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:**

Saka vart samrøysta tilrådd med merknaden som er nemnd over.

## **PS 41/17 Handlingsplan for forebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme i Hordaland**

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg til *Handlingsplan for forebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme 2017-2020* slik den ligg føre.

### **Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 29.08.2017**

### **Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:**

Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg til *Handlingsplan for forebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme 2017-2020* slik den ligg føre.

## **PS 42/17 Endringar i den yrkesfaglege tilbudsstrukturen**

### **Forslag til innstilling**

1.	<b>Fordjuping på Vg3/opplæring i bedrift</b>
1.1.	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om å etablere fordjupingar på Vg3/opplæring i bedrift
1.2.	Utval for opplæring og helse stiller seg positiv til dei føreslåtte rammene og meiner prinsippa er dekkande og føremålstenlege.
2.	<b>Bygg og anleggsteknikk</b>

2.1.	<p>Utval for opplæring og helse støttar å dele:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vg2 byggteknikk i <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Vg2 tømrrar</li> <li>○ Vg2 betong og mur</li> </ul> </li> <li>• Vg2 klima-, energi- og miljøteknikk i <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Vg2 rør</li> <li>○ Vg2 ventilasjon, takteking og membran.</li> </ul> </li> </ul>
2.2.	<p>Utval for opplæring og helse støttar forslaget om å opprette eit nytt Vg3 anleggsteknikk med følgjande fordjupingsområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vg3 vegdrift og vegvedlikehald</li> <li>• Vg3 anleggsmaskinførarfaget</li> <li>• Vg3 asfaltfaget</li> <li>• Vg3 banemontørfaget</li> <li>• Vg3 fjell- og bergverksfaget</li> <li>• Vg3 veg- og anleggsfaget</li> <li>• Vg3 anleggsrørleggar</li> </ul>
2.3.	<p>Utval for opplæring og helse støttar forslaget om å opprette eit nytt Vg3 treindustri med følgjande fordjupingsområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vg3 limtreproduksjonsfaget</li> <li>• Vg3 trelastfaget</li> <li>• Vg3 trevare- og bygginnreiingsfaget</li> </ul>
3.	<b>Design og tradisjonshandverk</b>
3.1.	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om å dele utdanningsprogrammet for design og handverk i to med følgjande merknader:
3.1.1.	Namnet på tradisjonshandverk bør vere Kulturhandverk
3.1.2.	Namnet på design bør vere Design og handverk
3.2.	Utval for opplæring og helse støttar <i>ikkje</i> forslaget om å flytte trearbeidsfaga til bygg- og anleggsteknikk
3.3.	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om å vidareføre Vg2 medieproduksjon som ein del av eit nytt Vg1 design
4.	<b>Elektrofag</b>
4.1.	Utval for opplæring og helse støttar å endre fagnemninga for Vg2 data og elektronikk til Vg2 datateknologi og elektronikk
	Utval for opplæring og helse støttar å endre fagnemninga for Vg2 elenergi til Vg2 elenergi og ekom.
4.2.	Utval for opplæring og helse støttar at Vg2 kulde og varmepumpeteknikk endrast til Vg2 varmepumpe og ventilasjonsteknikk,.
4.2.1.	Utval for opplæring og helse støttar å opprette ventilasjonsteknikk som nytt lærefag
4.3.	Utval for opplæring og helse støttar å flytte låsesmedfaget frå utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon til utdanningsprogram for elektrofag
4.3.1.	Utval for opplæring og helse støttar at lærefaget i låsesmed endrar opplæringsmodell frå særløp (1+3) til å følgje ein 2 +2-modell.
4.4.	Utval for opplæring og helse støttar <i>ikkje</i> at viklarfaget blir lagt ned.



5.	<b>Helse og oppvekstfag</b>
5.1.	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om å innføre valfrie programfag i helseservicefaget, helsesekretær, tannhelsesekretær og apotekteknikk
5.2.	Utval for opplæring og helse meiner at valfrie programfag <i>ikkje</i> kan erstattast av faget yrkesfagleg fordjuping (YFF)
5.3.	Utval for opplæring og helse meiner at innføringa av valfrie programfag vil avgrense elevane sine val til Vg3
5.4.	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om å flytte programområdet Vg2 aktivitetar frå utdanningsprogram for design og handverk til utdanningsprogram for helse- og oppvekstfag.
6.	<b>Naturbruk</b>
6.1.	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om å flytte Vg2 anleggsgartnar og idrettsanlegg til utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk og får namnet Vg2 anleggsgartnar.
6.2.	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om å leggje ned idrettsanleggsfaget som eige lærefag
6.2.1.	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om at dei delane av Vg2 anleggsgartnar og idrettsanlegg som omhandlar innandørs idrettsanlegg vert flytta til byggdriftarfaget som er eit særlopsfag (1+3).
6.3.	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om å innføre valfrie programfag innan landbruk og gartnarnæringa.
6.4.	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om å opprette eit nytt Vg2 tilbod i dyrehald med følgjande kommentarar
6.4.1.	Namnet på det nye faget må vere Vg2 dyrefag, og fagutøvarer må vere dyrefagarbeidar
6.4.2.	Faget må bli eit lærefag med 2+2-modell
7.	<b>Restaurant og matfag</b>
7.1.	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om å dele Vg2 matfag i <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vg2 bakar- og konditor</li> <li>• Vg2 kjøttfag og næringsmiddelindustri</li> </ul>
7.2.	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om å slå saman Vg3 butikklaktarfaget og Vg3 sjømathandlarfaget til Vg3 ferskvarekokk.
7.3.	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om å leggje ned Vg3 sjømatproduksjon som eige lærefag og la faget bli ein del av Vg3 industriell matproduksjon.
7.4.	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om å endre namn frå Vg3 institusjonskokk til Vg3 ernæringskokk.
8.	<b>Service og samferdsel</b>
8.1.	Utval for opplæring og helse er samde i at det blir oppretta eit nytt utdanningsprogram for handel.

8.2.	Utval for opplæring og helse støttar <i>ikkje</i> forslaget om å leggje ned Vg3 kontor- og administrasjonsfaget
8.3.	Utval for opplæring og helse er samd i at Vg3 sikkerhetsfaget blir lagt ned.
8.4.	Utval for opplæring og helse støttar at Vg2 reiseliv blir vidareført som eit studieførebuande løp på yrkesfag.
8.5.	Utval for opplæring og helse støttar forslaget å flytte programområdet Vg2 og Vg3 IKT-servicefag til utdanningsprogram for elektrofag.
8.6.	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om at yrkessjåførfaget blir vidareført i utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon
8.7.	Utval for opplæring og helse støttar <i>ikkje</i> forslaget om å vidareføre logistikkfaget i utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon
9.	<b>Forslag til vedtak - teknikk og industriell produksjon</b>
9.1.	Utval for opplæring og helse støttar <i>ikkje</i> forslaget om å slå saman Vg2 kjemiprosess og Vg2 laboratoriefag til Vg2 kjemiprosess- og laboratoriefag.
9.2.	Utval for opplæring og helse støttar forslag om at chassispåbyggarfaget blir lagt ned som lærefag og blir ein del av Vg3 industrimekanikarfaget
9.3.	Utval for opplæring og helse støttar forslag om at følgjande fag <ul style="list-style-type: none"> <li>○ modellbyggerfaget</li> <li>○ finmekanikarfaget</li> <li>○ verktøymakararfaget</li> <li>○ dimensjoneringskontrollfaget,</li> </ul> <p>blir lagt ned og erstatta med fordjupingsområde til val i læreplanen på Vg3 CNC maskineringsfaget.</p>
9.4.	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om at det blir oppretta eit nytt Vg3 plastfag med følgjande fag: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Vg3 termoplastfaget</li> <li>○ Vg3 polymerkomposittfaget</li> <li>○ Vg3 plastmekanikarfaget</li> </ul>
9.5.	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om at Vg3 gjenvinningsfaget skal følge hovudmodellen (2+2) og at faget skal byggje på Vg2 industriteknologi
9.6.	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om å endre opplæringsmodellen for Vg3 låsesmedfaget frå særlopsmodell til ordinær 2+2-modell.
9.6.1.	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om at låsesmedfaget blir flytta til utdanningsprogram for elektrofag, slik at det byggjer på Vg2 automatisering.

### Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 29.08.2017

Gerd Kjersti Ytre-Arne presenterte saka Endringar i den yrkesfaglege tilbudsstrukturen.

**Roger Pilskog og Atle Rasmussen (LO)** sette fram slikt forslag:

«1. Støtter ikke å flytte transport til TIP. Det bør heller opprettes et nytt program for transport og logistikk.

2. Støtter ikke å legge ned sikkerhetsfaget.

Y-nemnda tilrår at Utval for Opplæring og Helse gjør disse endringene i innstillingen fra fylkesrådmannen.»

#### **Røysting**

Roger Pilskog og Atle Rasmussen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:**

Saka vart samrøysta tilrådd med merknaden som er nemnd over.

### **PS 43/17 Samarbeidsprosjekt mellom vidaregåande skular og næringsliv Nordhordland**

#### **Forslag til innstilling**

Fylkestinget tek planen for samarbeidsprosjektet mellom skule og næringsliv Nordhordland til etterretning.

#### **Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 29.08.2017**

#### **Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:**

Fylkestinget tek planen for samarbeidsprosjektet mellom skule og næringsliv Nordhordland til etterretning.

### **PS 44/17 Samanslåing av Hordaland helsefagskole og Fagskolen i Hordaland**

#### **Forslag til innstilling**

Hordaland helsefagskole vert slått saman med Fagskolen i Hordaland 01. januar 2018, og det vert oppretta ei eiga avdeling for helsefag ved Fagskolen i Hordaland. Dei tilsette ved Hordaland helsefagskole får tilbod om overføring til Fagskolen i Hordaland innan august 2018.

#### **Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 29.08.2017**

#### **Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:**

Hordaland helsefagskole vert slått saman med Fagskolen i Hordaland 01. januar 2018, og det vert oppretta ei eiga avdeling for helsefag ved Fagskolen i Hordaland. Dei tilsette ved Hordaland helsefagskole får tilbod om overføring til Fagskolen i Hordaland innan august 2018.

### **PS 45/17 Høyringsuttale - forslag til ny lov om fagskoleutdanning og endringar i studentsamskipnadslova**

#### **Forslag til vedtak**

Forslag til høyringsuttale vert vedteke slik det kjem fram av saka.

#### **Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 29.08.2017**

#### **Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:**

Forslag til høyringsuttale vert vedteke slik det kjem fram av saka.

## **PS 46/17 Høyring - Innføring av forbod mot plagg som heilt eller delvis dekkjer andletet i barnehagar, skular mm.**

### **Forslag til innstilling**

1. Hordaland fylkeskommune støttar ikkje framlegget om forbod mot plagg som heilt eller delvis dekkjer andletet i barnehagar, skular, universitet og høgskular og ordningane etter introduksjonslova. Eventuelle problem som kan oppstå ved bruk av slike plagg, kan avhjelpast på andre måtar som ikkje grip inn i retten til utdanning.
2. Dersom bruken av andletsdekkande plagg aukar i omfang, eller det viser seg at bruken ikkje kan handterast gjennom god samhandling på skulane, kan lovgjevar vurdere spørsmålet om forbod på nytt.

### **Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 29.08.2017**

**Roald Stenseide (FRP)** sette fram slikt forslag:

«Hordaland fylkeskommune støttar framlegget om forbod mot plagg som heilt eller delvis dekkjer andletet i barnehagar, skular, universitet og høgskular.»

### **Røysting**

Roald Stenseide sitt forslag fekk 1 røyst (FRP), og vart med det ikkje vedteke.

### **Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:**

1. Hordaland fylkeskommune støttar ikkje framlegget om forbod mot plagg som heilt eller delvis dekkjer andletet i barnehagar, skular, universitet og høgskular og ordningane etter introduksjonslova. Eventuelle problem som kan oppstå ved bruk av slike plagg, kan avhjelpast på andre måtar som ikkje grip inn i retten til utdanning.
2. Dersom bruken av andletsdekkande plagg aukar i omfang, eller det viser seg at bruken ikkje kan handterast gjennom god samhandling på skulane, kan lovgjevar vurdere spørsmålet om forbod på nytt.

## **PS 47/17 Ymse**

### **Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 29.08.2017**

Torbjørn Mjelstad presenterte søkjartal og formidlingstal pr. 29.8.2017. Ny rutine: Mjelstad sender oppdaterte formidlingstal til medlemmane i y-nemnda kvar veke, så lenge formidlinga pågår.

Ragnhild Ravna Skjærvik orienterte om drøftingsmøte omkring samfunnskontrakten. Y-nemnda ber om å få eit referat frå møtet og eit forslag om vegen vidare. Saka vert teken opp att.

## **PS 48/17 Vedtak av Regional plan for kompetanse og arbeidskraft**

### **Forslag til innstilling**

1. Med heimel i plan- og bygningslova § 8-4 vedtek Fylkestinget *Regional plan for kompetanse og arbeidskraft* med tilrådde endringar slik det kjem fram av saksframlegget.
2. I tråd med Regional planstrategi får Utval for opplæring og helse ansvar for regional plan for kompetanse. Grunna planen sin tverrsektorielle natur vil rapportering også gå til Utval for kultur, idrett og regional utvikling.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til gjere språklege endringar, samt rette opp og oppdatere tal og statistikk i tekst og figurar/tabellar.

### **Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 29.08.2017**

**Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:**

1. Med heimel i plan- og bygningslova § 8-4 vedtek Fylkestinget Regional plan for kompetanse og arbeidskraft med tilrådde endringar slik det kjem fram av saksframlegget.
2. I tråd med Regional planstrategi får Utval for opplæring og helse ansvar for regional plan for kompetanse. Grunna planen sin tverrsektorielle natur vil rapportering også gå til Utval for kultur, idrett og regional utvikling.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til gjere språklege endringar, samt rette opp og oppdatere tal og statistikk i tekst og figurar/tabellar.

**PS 51/17 Referatsaker (meldingar)**



## Notat

Dato: 08.09.2017  
Arkivsak: 2017/15276-1  
Saksbehandlar: marvirk

---

**Til:** Yrkesopplæringsnemnda  
Utval for opplæring og helse

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Disponering av investeringsmidlar til ny hovudmotor til opplæringsfartøyet "Stø kurs" ved Austevoll vidaregåande skule

Hordaland fylkeskommune er eigar av opplæringsfartøyet «Stø kurs». «Stø kurs» er Hordaland fylke sitt einaste skip av sitt slag. Austevoll vidaregåande skule disponerer fartøyet.

At Austevoll vidaregåande skule har eit opplæringsfartøy som «Stø kurs» til disposisjon, gjer at skulen kan gje elevane på dei ulike marine og maritime utdanningane ei unik opplæring og praktisk utdanning. Fartøyet er i bruk så å seie kvar dag heile skuleåret og gjer elevane mykje meir førebudde på tida ute i lære på ulike skip enn kva dei ville vore utan den praktiske erfaringa frå «Stø kurs».

Alle dei fire Vg2-klassane ved skulen (Vg2 maritime fag – dekk/matros, Vg2 maritime fag – maskin/motormann, Vg2 akvakultur og Vg2 fiske og fangst) nyttar båten kvar veke. I tillegg vert den nytta 1 - 1,5 mnd i året av Vg1 naturbruk under fiske av torskekvote i Lofoten (februar/mars). I løpet av skuleåret vert det óg arrangert mindre seglingstokt (2-4 dagar) med dei ulike Vg2-klassane. Om bord vert det gjeve eit breitt spekter av opplæring, som til dømes rednings- og evakueringsøvingar, ulike vedlikehaldsoppgåver (maling, sveising etc.), samt å navigere og manøvrere fartøyet trygt og godt – med god rettleiing i styrehuset.

Under torskefiske i Lofoten i 2017 hadde skulen med elevar frå Vg1 naturbruk ved Fusa vgs. Dette var elevar som ville søke Vg2 fiske og fangst ved Austevoll vgs. Fusa har eigen fiskekvote, og denne vart fiska av «Stø Kurs». Også i komande torskesesong (februar/mars 2018) er det planlagt at elevar frå Fusa vgs skal vere med og fiske deira torskekvote med «Stø Kurs».

Hovudmotoren er frå 1975, året båten vart bygd. Det er diverre ikkje lenger mogleg å få tak i reservedelar til denne, noko som fører til at sjølv den minste reparasjon vert særstid- og kostnadskrevjande – då alt må spesialbestillast. Motoren har dei siste to åra vore særst utstabil, ettersom sentrale motordelar har blitt øydelagde. Dette har mellom anna ført til ei veke med avbrote fiske i Lofoten i mars 2017, samt avbrote kystsegling etter at sesongen var over. Under segling mellom Bodø og Bergen/Austevoll (april 2017) vart ein del på hovudmotoren øydelagd, noko som førte til at båten måtte søkje naudhamn i Kristiansund. Båten vart liggjande ved Kristiansund Mekaniske Verkstad gjennom heile påska, før ein spesialist frå Man

Motorfabrikk i Danmark utbeta feilen. Pga. mangel på reservedelar til hovudmotoren måtte delen spesiallagast. Både reservedel og reparasjon vart av den grunn særskild kostnadsnivjande.

Næringslivet i Austevoll har tatt initiativ til eit spleiselag for å få skifte hovudmotoren i «Stø kurs». I samarbeid med skulen er det innhenta pristilbod på ny hovudmotor inkl. akselgenerator, hjelpemotor, gir, propellanlegg, alarmsystem og hovudtavle – i tillegg til pristilbod på arbeid.

Motteke pristilbod er på kr 8 mill. eks mva. Inkludert mva vil prisen vere 10 mill.

I perioden 31.7.2017 - 31.7.2018 må «Stø Kurs» gjennomføre ein «mellombesiktigelse» av Sjøfartsdirektoratet. Dette medfører full sjekk av hovudmotor, hjelpemotorar etc, samt akseltrekk. Skulen forventar at ein då vil få pålegg om omfattande utbetringar (ca. 1.5 - 2 mill.). I staden for å bruke 1,5 - 2 mill. på vedlikehald av gammalt utstyr, er det ynskjeleg å investere i ny maskin.

Fylkesrådmannen foreslår at Hordaland fylkeskommune gjev næringslivet i Austevoll tilbakemelding om at HFK kan bidra med kr 5 mill. til ny hovudmotor, der 3 mill. vert disponert av opplæringsavdelinga sine investeringsmidlar i 2018 og 2 mill. er finansiert av konsesjonsinntektene til Austevoll vidaregåande skule i 2018.





Arkivnr: 2017/15590-1  
Saksbehandlar: Oda Strøm Oksholm

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	52/17	10.10.2017
Utval for opplæring og helse		17.10.2017

## Høyring – Endringar i føresegner om fagprøver, sveineprøver, praksisbrevprøve og kompetanseprøve

### Samandrag

Utdanningsdirektoratet (UDIR) har sendt ut ei høyring med forslag til endringar i forskrift til opplæringslova §§ 3-48 til 3-68 om fag-, sveine-, kompetanse- og praksisbrevprøve. Føresegnene som ikkje lenger fungerer etter føremålet, skal endrast, og føresegnene som er uklare, skal bli enklare og tydelegare. Høyringa er delt i fem deler: 1) Endringar av innhaldet i føresegnene, 2) Endringar i strukturen, 3) Forslag til mindre endringar, 4) Avklaringar og 5) Økonomiske og administrative konsekvensar.

Forslaga om innhald i del 1 omhandlar ansvaret for å melde kandidatar til prøve, om prøva skal gjennomførast før læretida er slutt, om eit prøvenemndsmedlem kan starte ei prøve og presisering rundt unntak frå kravet om bestått i inntil to fellesfag.

Forslaga om struktur i del 2 omhandlar det å samle føresegnene om dokumentasjon om fag- og sveineprøver og flytte det til kapittelet om all dokumentasjon på opplæring. I tillegg er det føreslått å flytte informasjon om eksamen til læreplanane.

Dei mindre endringane i del 3 omhandlar prøvestasjon, utarbeiding av vurderingskriterium og ny prøveavgift for praksiskandidatar som har vore sjuke.

I del 4 om avklaringar er det forslag om å halde fast på at prøva skal tilpassast produksjonen i verksemda, at karakterskalaen skal behaldast og at prøvearbeidet skal oppbevarast når karakteren er bestått. Del 5 omhandlar dei økonomiske og administrative konsekvensane.

Fristen for høyringa er 16.10.2017, og høyringa vert levert med atterhald om politisk behandling i Utval for opplæring og helse 17.10.2017. Dersom Utval for opplæring og helse gjer vedtak om noko anna, vil vi ettersende vedtaket til Utdanningsdirektoratet.

### Forslag til vedtak

<b>1.</b>	<b>Endring av innhald</b>
1.1	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om å bruke omgrepet «læretid» i opplæringslova.
1.2	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om at fag- sveine-, praksisbrev- og kompetanseprøve skal gjennomførast før læretida er slutt.

1.3	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om å presisere i føresegna at fag- sveine-, praksisbrev- og kompetanseprøve kan gjennomførast frå tre månader før læretida er slutt. Utval for opplæring og helse meiner <i>ikkje</i> det er behov for eit større handlingsrom for når prøvene skal gjennomførast.
1.4	Utval for opplæring og helse er samd i at føresegna om gjennomføring av prøva trår i kraft om lag eit år etter ho er vedtatt.
1.5	Utval for opplæring og helse støttar <i>ikkje</i> at bedriftene fortsatt skal ha ansvaret for å melde kandidatane til prøve. Ansvaret bør overførast til fylkeskommunen. Utval for opplæring og helse meiner <i>ikkje</i> at standardavtalen for kontraktane skal endrast slik at bedriftene kan velje å forplikte seg til å halde andre gongs prøve
1.6	Utval for opplæring og helse meiner <i>ikkje</i> det er naudsynt med ein frist for oppmelding tre månader før prøva skal gjennomførast. Utval for opplæring og helse støttar forslaget om at oppmelding til andre gongs prøve skal gjerast innan tolv månader etter første gongs prøve.
1.7	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om at minst eitt prøvenemndsmedlem, og ikkje alle i nemnda, må vere til stades ved prøvestart.
1.8	Utval for opplæring og helse meiner at det framleis skal kunne gjerast unntak frå kravet om bestått i inntil to fellesfag på yrkesfaglege utdanningsprogram.
1.9	Utval for opplæring og helse meiner at unntak etter bokstav a bør opphevast. Utval for opplæring og helse støttar at unntak etter bokstav b vert oppheva. Utval for opplæring og helse støttar at unntak etter bokstav c vert vidareført.
1.10	Utval for opplæring og helse støttar at myndet til å gjere unntak for både vitnemål og fag- eller sveinebrev vert lagt til fylkeskommunen.
1.11	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om oppheving av leddet om sertifiseringsordningar.
<b>2.</b>	<b>Endringar i struktur</b>
2.1	Utval for opplæring og helse støttar å slå saman unntak frå kravet om bestått i fellesfag for fag- og sveinebrev etter § 3-67 og unntak frå kravet om bestått i fellesfag for å få vitnemål etter § 3-44 i ei føresegn. Utval for opplæring og helse støttar å flytte føresegna om fag- og sveinebrev og vitnemål på yrkesfaglege utdanningsprogram til eit samlekapittel om dokumentasjon. Utval for opplæring og helse støttar å oppheve § 3-68 fordi den er dekt av § 3-42 og § 3-45
2.2	Utval for opplæring og helse støttar å slå saman § 3-48 om fag- og sveineprøve og § 3-49 om kompetanseprøve, samt legge til informasjon om praksisbrevprøve.
2.3	Utval for opplæring og helse støttar å oppheve §§ 3-52 til 3-54 om eksamen i nokre lærefag og opplæringsordningar og flytte informasjonen til læreplanane. Utval for opplæring og helse støttar å flytte delar av § 3-55 til læreplanane og at resten av føresegna vert forenkla.
2.4	Utval for opplæring og helse støttar å forenkla og presisere § 3-57 om innhaldet og omfanget i prøva.
<b>3</b>	<b>Forslag til mindre endringar</b>
3.1	Utval for opplæring og helse støttar at det kjem fram i føresegna at prøvestasjon er ein stad prøva unntaksvis kan gjennomførast.
3.2	Utval for opplæring og helse støttar at praksiskandidatar med gyldig fråvær frå fag- eller sveineprøve ikkje skal betale ny prøveavgift.
3.3	Utval for opplæring og helse støttar <i>ikkje</i> at leddet om at det skal utarbeidast eit grunnlag for vurdering av fag- eller sveineprøva, vert oppheva.
<b>4.</b>	<b>Avklaringar</b>
4.1	Utval for opplæring og helse støttar at prøva skal tilpassast produksjonen i verksemda.
4.2	Utval for opplæring og helse støttar at det ikkje vert lovfesta kva dei seks månadene praksiskandidatane må vente før andre gongs prøve, skal brukast til.

4.3	Utval for opplæring og helse støttar at dagens karakterskala vert oppretthalden.
4.4	Utval for opplæring og helse støttar <i>ikkje</i> at prøvearbeid som er vurdert med karakteren bestått, skal oppbevarast.
4.5	Utval for opplæring og helse støttar at fylkeskommunen må ha eit handlingsrom til å vurdere kravet til formell fagleg kompetanse for prøvenemndsmedlemmer.
4.6	Utval for opplæring og helse støttar at føresegna om tilsyn under prøve står ved lag.
<b>5</b>	<b>Økonomiske og administrative konsekvensar</b>
5.1	Utval for opplæring og helse støttar at forslaga ikkje vil føre til auka økonomiske konsekvensar. Unntaka er forslaget om å behalde prøvearbeidet ved bestått, noko som vil auke kostnadene, og forslaget om at fylkeskommunen er ansvarleg for å melde opp kandidatane til prøve, noko som vil minke kostnadene.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Heggheim  
fylkesdirektør opplæringf

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



dersom ein lærling, praksisbrev- og lærekandidat er sjuk eller treng meir tid til opplæring. Fylkeskommunen har dermed denne informasjonen. Det at fylkeskommunen overtar ansvaret for å melde kandidatane opp til prøve, vil også redusere byråkratiet. I dag vert det sendt ut ferdig utfylte oppmeldingar til prøve til bedriftene. Ved det nye forslaget vil dette leddet fjernast. Ved at fylkeskommunen melder prøve kandidatane til prøve, vil prøvenemndene tidleg ha god oversikt over alle prøvene og vil kunne sikre fordelinga og organiseringa av prøvegjennomføringa. Vi vil også unngå hasteoppmeldingar, då prøvenemndene allereie vil ha full oversikt over alle prøve kandidatane. Dette vil også redusere dei økonomiske utgiftene fylkeskommunen har med å sende ut ferdig utfylte oppmeldingar.

#### Frivillig forplikting for å gjennomføre andre gongs prøve

UDIR føreslår å endre standardavtalen for lære- og opplæringskontraktar slik at bedrifter kan velje å forplikte seg til å halde andre gongs prøve. Dei grunngeve forslaget med at lærlingar, praksisbrev- og lærekandidatar i dag må melde seg til andre gongs prøve og at bedriftene ikkje lenger vil ha eit kontraktsrettsleg ansvar overfor kandidaten. Det er heller ikkje høve til å påleggje ei lærebedrift å forlange kontrakten og arbeidsavtalen med lærling, praksisbrev- eller lærekandidat. Dette må gjerast gjennom ein frivillig avtale. Dei føreslår derfor at bedrifta ved inngåing av kontrakten på frivillig basis kan forplikte seg til å gje kandidaten rett til å gjennomføre andre gongs prøve i bedrifta og forlange arbeidsavtalen. Denne opninga skal nedfellast i standard skjema for lære- og opplæringskontraktar. Fylkesrådmannen meiner at ein frivillig avtale for å gje prøve kandidatane høve til andre gongs prøve ikkje er naudsynt. Dette vil skape meir usikkerheit for lærlingar, praksisbrev- og lærekandidatar. Eit døme: Dersom ei bedrift ikkje kryssar av for at dei frivillig vil forplikte seg til å gje lærlingen rett til å gå opp til prøve, vil lærlingen da misse retten? Skal det meldast inn til fylkeskommunen dersom ei bedrift endrar meining og ønskjer å gje lærlingen, praksisbrev- og lærekandidaten rett til å gå opp til andre gongs prøve i deira bedrift? Eller motsett? Dette vil skape usikkerheit som ikkje er naudsynt for lærlingar, praksisbrev- og lærekandidatar. Alle har rett til å gjennomføre ei andre gongs prøve, og endringsforslaget gjeld altså berre staden for kvar dei kan ta prøva. Det er heller ikkje klart korleis den frivillige avtalen skal overhaldast. Vil den kunne påtvingast ei bedrift dersom det oppstår usemje mellom lærling og bedrift? Fylkesrådmannen føreslår derfor at vi held fram med å oppmode bedrifter om å tilby lærlingar, praksisbrev- og lærekandidatar høve til å gjennomføre andre gongs prøve i deira bedrift. Fylkeskommunen vil framleis stå ansvarleg for dei økonomiske utgiftene til andre gongs prøve, jf. § 3-62 i forskrift til opplæringslova.

#### *1.6 Tre månaders frist for oppmelding til prøve og tolv månaders frist for andre gongs prøve.*

UDIR føreslår at det bør innførast ein frist for oppmelding til prøve som er tre månader *før* første gongs prøve skal gjennomførast. Fylkesrådmannen meiner at det ikkje er behov for ein slik frist dersom fylkeskommunen blir ansvarleg for å melde opp kandidatane til prøve. Dersom fylkeskommunen ikkje får ansvaret, vil tre månader vere for kort frist, og vi føreslår at fristen då bør vere på fire månader. Dette er fordi føreseigna no er føreslått endra til at prøva skal gjennomførast før læretida er slutt og at den kan gjennomførast inntil tre månader før læretida er slutt. Dette vil gjere at fristen på tre månader før læretida er slutt er for kort.

#### Frist for oppmelding til andre gongs prøve

UDIR føreslår å innføre ein frist for oppmelding til andre gongs prøve. Fristen vil vere at kandidatane må melde seg til prøve innan tolv månader etter første gongs prøve er halden. UDIR grunngeve fristen med at det er føremålstenleg for fylkeskommune og kandidat å ha ein frist, og at kandidatane som ikkje får forlenga kontrakten, ikkje må vente for lenge med å gjennomføre ei andre gongs prøve. Fylkesrådmannen støttar forslaget om ein tolv månaders frist fordi dette vil gjere det føreseieleg for fylkeskommune, kandidatane og bedrifter.

#### *1.7 Eit prøvenemndsmedlem må vere til stades ved prøvestart*

UDIR føreslår å endre ordlyden om kor mange prøvenemndsmedlemmer som må vere til stades ved prøvestart. Fram til no har det vore krav om at begge prøvenemndsmedlemmene må vere til stades ved prøvestart og prøveslutt. Grunngeving for endringa er at det noverande kravet er ressurskrevjande og at kravet ikkje nødvendigvis gjev betre kvalitet på prøva. Begge prøvenemndsmedlemmene skal framleis delta på avslutninga av prøva. Fylkesrådmannen støttar forslaget om at berre eitt medlem må vere til stades ved prøvestart.

*1.8 Unntak frå kravet om bestått for å få fag- sveine- eller praksisbrev og vitnemål eller kompetansebevis*  
UDIR spør om det framleis bør kunne gjerast unntak frå kravet om bestått i inntil to fellesfag på yrkesfaglege utdanningsprogram. Det finst i dag tre unntak frå kravet om bestått i inntil to fellesfag for å gje lærlingar fag- eller sveinebrev og vitnemål, og unntak frå kravet til bestått i inntil eit fellesfag for å gje praksisbrevlærlingar praksisbrev og kompetansebevis. Fylkesrådmannen støttar forslaget om at det framleis skal kunne søkjast om unntak frå kravet om bestått for å få fag-, sveine- eller praksisbrev og vitnemål eller kompetansebevis.

#### *1.9 Nærare om unntaka*

Det kan innvilgast unntak frå kravet om bestått i eitt eller to fellesfag etter tre bokstavar i forskrift til opplæringslova:

##### Oppheving av bokstav a

Bokstav a omfattar elevar som har hatt fritak frå vurdering med karakter på grunnlag av enkeltvedtak om spesialundervisning i grunnskulen. Det kan vere ulike årsaker til at ein elev mottar spesialundervisning i grunnskulen, for eksempel læretrøytttheit, gruppestorleik og tekniske hjelpemidlar. UDIR spør fylkeskommunane om det er føremålstenleg å oppretthalde denne unntaksføresegna utan at det har kome fram dokumenterte lærevanskar i vidaregåande opplæring som vil falle inn under bokstaven c. Fylkesrådmannen meiner at det ikkje er naudsynt å oppretthalde unntak etter bokstav a. UDIR påpeikar at det kan vere mange grunnar til at ein elev har fått spesialundervisning i grunnskulen, og det treng ikkje vere automatikk i at ein elev som får fritak frå vurdering i eitt fag på ungdomsskulen, også skal få det i den vidaregåande skulen. Denne føresegna har eit krav om at eleven skal ha hatt undervisning i faget, og har fått karakteren 1. Elevar som framleis har utfordringar i vidaregåande opplæring, vil difor kunne søkje om unntak etter bokstaven c som omhandlar dokumenterte lærevanskar.

##### Oppheving av bokstav b

Unntak etter bokstav b gjeld berre vaksne som har hatt fritak frå vurdering med karakter i vidaregåande skule før 1999. Unntaket har difor i følgje UDIR ikkje lenger realitet, og dei føreslår å oppheve bokstav b. Fylkesrådmannen støttar forslaget om å oppheve unntak etter bokstav b.

##### Vidareføring av bokstav c

UDIR føreslår å vidareføre unntak frå kravet om bestått etter bokstav c som gjeld spesifikke lærevanskar som kan knytast til eit fag der eleven har store lese- og skrive- eller matematikkvanskar. Det kan fattast vedtak tidlegast ved overgang frå Vg2 til Vg3, som for mange vil vere overgang til læretida. Sjølv om unntaket kan gjerast ved overgang frå Vg2 til Vg3, vil ikkje fag- eller sveinebrev bli skrive ut før fag- eller sveineprøva er bestått. Fylkesrådmannen støttar forslaget om å vidareføre unntak frå bestått i fellesfag slik at lærlingar og praksisbrevkandidatar som er dyktige praktikarar, men som har store skrive- lese- eller matematikkvanskar, framleis kan få skrive ut fag- sveine- eller praksisbrev.

#### *1.10 Mynde til å gje unntak for både vitnemål og fag- eller sveinebrev vert lagt til fylkeskommunen*

UDIR føreslår å flytte myndet til å avgjere søknader om å få skrive ut vitnemål og myndet til å skrive ut fag- og sveinebrev til same instans. Gjeldande føresegn gjer det i teorien mogleg at ein person berre kan få unntak frå kravet om å få fag- eller sveinebrev hos fylkeskommunen eller berre få unntak til å få vitnemål frå rektor. Fylkeskommunen og rektor må ta stilling til same vurderinga og den same dokumentasjonen, noko som er unødig tidsbruk. UDIR føreslår at kompetansen skal liggje hos fylkeskommunen som både utferdar vitnemål og fag- og sveinebrev til lærlingar. Fylkesrådmannen støttar forslaget.

#### *1.11 Oppheving av leddet om sertifiseringsordningar*

UDIR føreslår å oppheve leddet om at det ikkje kan gjevast unntak i fellesfag i strid med nasjonale eller internasjonale sertifiseringar. UDIR kan ikkje sjå at det finst slike sertifiseringar knytt opp mot fellesfaga. Hordaland fylkeskommune har kjennskap til at det i nokre fag er krav til engelsk, for eksempel matrosfaget. På den andre sida er det mange fag med sertifiseringsordningar, og dei har eigne reglar for dokumentasjon av kompetanse og eigne organ som handsamar sertifikatsøknader. Det er i nokon fag krav om særlege kunnskapar om språk eller matematikk, og prøvenemnda må under fag- eller sveineprøva vurdere om

lærlingen tilfredstiller krava i læreplanen. Fylkesrådmannen støttar derfor forslaget om å oppheve leddet om sertifiseringsordningar.

## 2. Endringar i struktur

### 2.1 Samle alt om dokumentasjon i kapittel 3 del VI i forskrift til opplæringslova

UDIR føreslår å samle alt om utferding av dokumentasjon i kapittel 3 del VI i forskrift til opplæringslova.

#### Slå saman unntak for å få fag-/sveinebrev og vitnemål i ei føresegn

UDIR føreslår å slå saman unntak frå kravet om bestått i fellesfag for fag- og sveinebrev etter § 3-67 og unntak frå kravet om bestått i fellesfag for å få vitnemål etter § 3-44 i ei føresegn. Dei to føresegnene vil bli slått saman i ei ny føresegn: § 3-44a. Fylkesrådmannen støttar at dei to føresegnene blir slått saman.

#### Ny føresegn om fag- sveine- og praksisbrev vert teke inn i del VI om dokumentasjon

UDIR føreslår å flytte den nye føresegna § 3-44a til same del av forskrifta som omhandlar all anna dokumentasjon, kapittel 3 del VI i forskrift til opplæringslova. Fylkesrådmannen har ingen innvendingar mot å flytte føresegna.

#### Oppheve § 3-68 fordi den hovudsakleg viser til andre føresegner

UDIR foreslår å oppheve § 3-68 som seier at det skal utferdast vitnemål som dokumentasjon på bestått fagopplæring etter § 3-42, og at det skal utferdast kompetansebevis når vilkåra for å få fag- eller sveinebrev eller vitnemål ikkje er oppfylt etter § 3-45. Fylkesrådmannen støttar forslaget fordi § 3-42 og § 3-45 allereie stadfester kravet til dokumentasjon for dei som består fagopplæring. I tillegg er ikkje føresegna korrekt fordi praksiskandidatar oppfyller krava til fag- eller sveinebrev, men ikkje vitnemål, og føresegna er difor ikkje heilt presis.

### 2.2 Slå saman føresegnene om prøver til ei føresegn om fag-, sveine-, kompetanse- og praksisbrevprøve

UDIR føreslår å slå saman § 3-48 om fag- og sveineprøve og § 3-49 om kompetanseprøve for lære kandidatlar. I tillegg vil føresegna vise til § 4-4 og lokal læreplan for praksisbrevkandidatar. Det vert føreslått at § 3-49 vert tatt inn i § 3-48, men forslaget inneber ikkje noko realitetsendring.

### 2.3 Flytte informasjon om eksamen for særskilde lærefag, særlopsfag, lærlingar i full opplæring i bedrift og praksiskandidatar til læreplanane

#### Oppheve §§ 3-52 til 3-54 i forskrift til opplæringslova og flytte informasjon om eksamen til læreplanane

UDIR føreslår å oppheve § 3-52 som omhandlar eksamen for lærlingar og praksiskandidatar i særlege lærefag, § 3-52 som omhandlar eksamen for lærlingar i særlopsfag og § 3-54 som omhandlar lærlingar som får opplæring i programfaga i bedrift i staden for skule (full opplæring i bedrift), og flytte informasjonen til læreplanane for kvart enkelt fag. Å flytte informasjonen om kva eksamen dei ulike elevane/lærlingane skal ha, vil gjere det enklare å forstå regelverket. Fylkesrådmannen er einig i at dagens regelverk kan føre til ulike tolkingar, og støttar forslaget med å flytte informasjon om eksamen til læreplanane.

#### Flytte delar av § 3-55 i forskrift til opplæringslova og behalde og forenkla resterande føresegn

UDIR føreslår å flytte andre til femte ledd til læreplanen og behalde resten av føresegna. Ledda som skal flyttast er:

- Andre ledd seier at praksiskandidatar må bestå eksamen før dei melder seg til fag- eller sveineprøve
- Tredje ledd seier at eksamen skal prøve i kva grad praksiskandidaten har nådd kompetansemåla i læreplanen
- Fjerde ledd seier at for lærefag som kjem inn under § 3-52 om særlege lærefag skal eksamen prøve i kva grad praksiskandidaten har nådd kompetansemåla fastsett i programfaga Vg1, Vg2 og eventuelt Vg3 i skule
- Femte ledd seier at eksamen skal utarbeidast sentralt og sensurerast lokalt.

Fylkesrådmannen støttar forslaget om at informasjonen om eksamen vert flytta til læreplanen, slik at det harmonerer med dei andre føresegnene om eksamen.

#### *2.4 Forenkle og presisere § 3-57 om innhald og omfang av fag- og sveineprøva*

UDIR føreslår å forenkla og presisere § 3-57 om innhald og omfang av prøva. Det skal ikkje føre til noko realitetsendring, men det har vore tilbakemeldingar om at føresegna er for omfattande og at teksten i nokon av ledda til dels er overlappende. UDIR føreslår å fjerne bokstav a til d som ramsar opp dei fire delane av prøva: Planlegging av prøva, gjennomføring av prøva, eigenvurdering av prøva og dokumentasjon av prøva. Dei fire delane vil framleis vere det sentrale i prøva, og alle delar skal prøvast, men prøvenemnda skal vektleggje kandidatens heilskaplege kompetanse. Kor mykje tid som skal nyttast på dei ulike oppgåvene, vil variere frå lærefag til lærefag. Den forenkla føresegna vil også presisere at den avsluttande samtalen ikkje skal introdusere nye tema utan tilknytning til prøva. Det skal også vere mogleg for kandidaten i den avsluttande samtalen å få vist fram kompetansen sin, noko som vil vere ei endring samanlikna med dagens føresegn. Fylkesrådmannen støttar forslaget om å forenkla og presisere føresegna om innhald og omfang av fag- og sveineprøva.

### **3. Forslag til mindre endringar**

#### *3.1 Prøvestasjon er ein stad prøva unntaksvis kan gjennomførast*

Prøvestasjonen er ikkje nemnd i § 3-58 som omhandlar gjennomføringa av fag- og sveineprøva. UDIR føreslår å nemne prøvestasjonar eksplisitt som eit unntak frå å gjennomføre prøve i bedrift. Det vil i den nye føresegna bli presisert at prøvestasjonar unntaksvis kan nyttast etter å ha innhenta råd frå prøvenemnda. Det må då vurderast om heile eller delar av prøva skal gjennomførast på prøvestasjon eller ein annan stad. Fylkesrådmannen støttar forslaget om at prøvestasjonar vert nemnt som eit unntak frå å gjennomføre prøva i bedrift.

#### *3.2 Fjerne «betale ny prøveavgift» for praksiskandidatar med gyldig fråvær på fag- eller sveineprøva*

UDIR føreslår å fjerne siste ledd i § 3-68 i forskrift til opplæringslova som seier at «Praksiskandidatar må sjølv melde seg til utsett fag- eller sveineprøve og betale ny prøveavgift». Dette er fordi UDIR meiner praksiskandidatar som melder seg til utsett prøve etter § 3-68, har hatt gyldig fråvær, og at det derfor er urimeleg at dei skal betale ny prøveavgift. Fylkesrådmannen er einig i at dette er urimeleg og støttar forslaget.

#### *3.3 Fjerne kravet om at prøvenemndene skal utarbeide eit grunnlag for vurdering av fag- og sveineprøva*

UDIR føreslår å fjerne siste leddet om at prøvenemnda skal utarbeide eit grunnlag for vurdering av fag- og sveineprøva i § 3-57 i forskrift til opplæringslova som omhandlar innhaldet i og omfanget av fag- og sveineprøva. Grunngevinga for å oppheve siste ledd er at det har vore uklart kva som ligg i å utarbeide eit grunnlag for vurdering og kva som kan forventast av prøvenemndene. Det vert føreslått at det under fylkeskommunen si opplæring vert informert om korleis dei på best mogleg måte kan vurdere prøvearbeidet. Kandidatane skal framleis få all informasjon om oppgåva og korleis oppgåva skal føre til at kandidatane blir mindre rusta til å gjennomføre ein fag- eller sveineprøve. Fylkesrådmannen støttar ikkje forslaget om å fjerne kravet i forskrift til opplæringslova der det er lovfesta at prøvenemndene skal utarbeide eit grunnlag for vurdering av fag- og sveineprøva. Det er fordi eit slikt krav sikrar at kandidatane får informasjon om kva som er grunnlaget for vurdering av prøva, og at prøvenemnda har utarbeidd eit felles grunnlag for vurdering av prøvene i faget. Det er allereie fylkeskommunen som skal sikre at prøvenemndene har tilstrekkeleg vurderingsfagleg kompetanse jf. § 3-56 i forskrift til opplæringslova som omhandlar prøvenemnder for fag- og sveineprøver. Fylkesrådmannen støttar ikkje forslaget, og ønskjer å behalde leddet om at det skal utarbeidast eit grunnlag for vurdering av fag- og sveineprøva.

### **Avklaringar**

#### *4.1 Tilpasse prøva til verksemda i bedrifta*

UDIR føreslår å oppretthalde setninga og at «dersom prøva blir gjennomført i lærebedrifta, skal prøva tilpassast verksemda i bedrifta». Grunngevinga for å fjerne setninga er at det kan oppfattast som unaudsynt detaljstyring. UDIR er ueinig, og fylkesrådmannen støttar forslaget om å behalde setninga.



#### 4.2 Ekstra praksis for praksiskandidatar som ikkje består fagprøva

UDIR føreslår å oppretthalde dagens lov om at det ikkje er naudsynt å krevje at praksiskandidatar må dokumentere ytterlegare seks månader praksis for å melde seg opp til andre gongs fagprøve. Bakgrunnen for forslaget er at praksiskravet er fastsett i § 3-5 i opplæringslova, og at det truleg ikkje vil vere tilgang til å utvide praksiskravet som er sett i lova. Dette vil også føre til meir arbeid for fylkeskommunen ved godkjenning av ny praksis ved oppmelding til andre gongs prøve. Eit slikt krav vil føre til krav om 100 % stilling som vil kunne gje utfordringar i yrke med lave stillingsbrøkar som for eksempel i helsesektoren. Fylkesrådmannen støttar forslaget om å oppretthalde dagens føresegn.

#### 4.3 Karakterskalaen

UDIR har fått inn forslag om både breiare og smalare karakterskala, men føreslår å oppretthalda dagens karakterskala med bestått, bestått mykje godt og ikkje bestått. Fylkesrådmannen støttar forslaget om å halde på dagens karakterskala, fordi denne er godt innarbeidd og kjent hos partane i yrkesopplæringa.

#### 4.4 Behalde prøvearbeidet ved bestått og opne for å klage på karakteren bestått

Problemstillinga gjeld grenseoppgangen mellom bestått og bestått mykje godt. Det er i dag ikkje mogleg å klage på karakteren bestått. I forskrift til opplæringslova § 3-61 skal prøvearbeidet oppbevarast berre dersom prøva ikkje er bestått. I § 5-3 og § 5-14 i forskrift til opplæringslova kan ein klage føre til at karakteren blir endra frå ikkje bestått til bestått, noko som vil seie at det ikkje er mogleg å klage på karakteren bestått. UDIR føreslår å endre det til at fylkeskommunane skal oppbevare prøvearbeidet også ved prøver med karakteren bestått. Konsekvensane er enorme dersom fylkeskommunen skal behalde prøvearbeidet ved alle prøver med karakteren bestått. Hordaland fylkeskommune hadde i 2016 ei fordeling av gjennomførde fagprøver på:

- 305 ikkje bestått
- 2097 bestått
- 647 bestått mykje godt

Fylkeskommunen skal ved ei slik endring oppbevare prøvearbeidet til 2097 beståtte fagprøver og 305 ikkje beståtte fagprøver, som til saman er 2402 prøver. Eit prøvearbeid kan vere hovudsakleg papir som i kontor- og administrasjonsfaget eller helsearbeidarfaget, men det kan også vere ein prøvestasjon i elektro som ikkje kan starte nye fagprøver før klagebehandlinga er over, eller i tømrarfaget der i verste fall nokon må vente på å flytte inn før klagebehandlinga er ferdig. Dette vil ha enorme økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen, som for eksempel at ein vil måtte betale ein prøvestasjon for ikkje å avhalde nye prøver før klagebehandlinga er ferdig. Ikkje beståtte prøver krev også ekstra dokumentasjon i ein tilleggsprotokoll og dokumentasjon av prøvearbeidet ved for eksempel bilete. Ekstrautgiftene til prøvenemndene vil også auke. UDIR påpeikar at det må til ei lovending av opplæringslova frå Kunnskapsdepartementet for å kunne endre praksis slik at det kan klagast på karakteren bestått. Fylkesrådmannen støttar derfor ikkje forslaget med å oppbevare prøvearbeidet for alle som ikkje har fått bestått mykje godt på fagprøva.

#### 4.5 Samansetning av prøvenemnda

UDIR har tatt mot fleire tilbakemeldingar om at det er uklart kva som ligg i kravet til «formell fagleg kompetanse» for medlemmene i prøvenemndene. Fag- og sveinebrev er eksempel på formell fagleg kompetanse, men formuleringa opnar også opp for anna formell fagleg kompetanse noko som gjev fylkeskommunane eit handlingsrom. Dette er naudsynt blant anna når det vert oppretta nye lærefag der ingen har fagbrev. UDIR føreslår å oppretthalde fylkeskommunane sitt handlingsrom når det gjeld «formell fagleg kompetanse» saman med kravet om «oppdatert arbeidslivserfaring» i faget og at fylkeskommunane må gjere ei sjølvstendig vurdering. Fylkesrådmannen støttar at føresegna vert oppretthalden.

#### 4.6 Tilsynspersonar under fagprøva

UDIR føreslår å oppretthalde § 3-58 der fylkeskommunen er ansvarleg for at det blir ført tilsyn under heile prøva. Det er kome tilbakemeldingar på at det er ein del som er uklart rundt fylkeskommunen sitt ansvar om å føre tilsyn med prøva. Fylkeskommunen kan delegere arbeidet til ein tilsynsperson, men ansvaret for å vurdere prøva kan ikkje delegerast til tilsynspersonar, det er det prøvenemnda som må gjere. UDIR føreslår å oppretthalde føresegna, og fylkesrådmannen støttar forslaget om å behalde føresegna.

## **5. Økonomiske og administrative konsekvensar**

### *5.1 Økonomiske og administrative kostnader*

UDIR meiner at endringane som er føreslått her, ikkje vil føre til auka økonomiske og administrative konsekvensar. Fylkesrådmannen er samd i dette, men dersom kravet om å oppbevare prøvearbeidet ved bestått fagprøve vert vedteke, vil dette auke kostnadene (punkt 4.4), og dersom fylkeskommunen får ansvaret for å melde kandidatane opp til prøve, vil dette redusere dei økonomiske og administrative konsekvensane (punkt 1.5).

**PS 53/17 Ymse**